

Føresette i Håskulen

Dykkar ref.

Vår ref.

Arkivkode

Stad/Dato

Varhaug, 09.09.2020

Informasjon om chromebook og PC-ordning i skulane i Hå og om reglar for skadeerstatning generelt

Alle elevar i Håskulen får låna ein chromebook eller PC til bruk som læremiddel. Utstyret er personleg, og skal ikkje delast med andre. Skulane lærer elevane opp i god og sikker bruk av chromebook eller PC, og korleis dei skal ta vare på utstyret slik at det virkar så lenge som forventa.

Andre læremiddel, som td. bøker, er og kostbart utstyr, men PCar og chromebookar toler mykje mindre før dei går sund, og må handsamast deretter. Me forventar at elevane kan ta større ansvar for utstyret dess eldre dei blir, og at uhell då skal blir mindre sannsynleg. Til gjengjeld vil nok eldre elevar møte krav om at PC eller chromebook skal brukast til leksearbeid, og at dei må frakte utstyret til og frå skulen kvar dag, noko som sjølvstekt kan føre til auka slitasje.

Kor gamle elevane skal vera før dei tek med seg PCane eller chromebookane sine heim for å gjera lekser, avgjer skulen. Dersom føresette har spesielle ønske for rutinar for sine barn, tek dei kontakt med kontaktlæraren.

Erstatning

Dersom skulen sitt utstyr går sund, enten det er datautstyr eller anna utstyr eller inventar, er det [skadeerstatningslova § 1-2](#) som gjeld. Kort fortalt går det ut på at elevar/føresette ikkje skal erstatte noko når det er uhell. Det blir snakk om erstatning kun når utstyr eller inventar vert øydelagd med vilje eller dersom eleven er uaktsom. Øvre grense for skadeerstatning er kr 5000, men me snakkar som regel om erstatningsbeløp som er langt mindre enn det, og me leverer til reparasjon når det er mogleg, i staden for å erstatte heile chromebooken eller PCen. Når skulen vurderer å retta erstatningskrav mot føresette, og når storleiken på beløpet skal avgjerast, vil skulen ta omsyn til eleven sin alder, utvikling, utvist åtferd og tilhøva elles. Alder på utstyret og vera med i denne vurderinga, og skulane bruker ein nedskrivingstabell som rettesnor.

NB! Dersom datautstyr vert stole, skal føresette melda tjuveriet til politiet og levera kopi av meldinga til rektor på skulen.

Føresette har tidlegare skrive under på avtalar om heimplån av datautstyr for elevane. Men me erstattar tidlegare avtalar med dette infoskrivet, sidan det juridiske uansett vil vera regulert i skadeerstatningslova § 1-2.

Mvh

Skuleeigar i Hå